



Anne-Brith Klemetsen, busett i Olsvik i Bergen men sommargjest ein heil månad i uskedalen, har sikra seg eit nysteikt brød frå Skorpo

Uskedalen heng i høgste grad med i utviklinga på turistfronten. I dag kunne Martabu, som sesongopna, lokka med steinomnsbakte brød før klokka 10. Dei kom nysteikte og varme direkte frå omnen til Marit Teigelid Langballe på Skorpo.

Bua som kombinerar turistbutikk, kafe og informasjon vert i år betjent av Morten Nilsen, Emilie Nilsen og Jane Haaranes. Den fekk ein god sesongstart med 15 kundar - både fastbuande og turistar - dei fyrste 2 timane.

Sluttresultatet vart også bra, nesten alle bakarvarane gjekk unna og ein runde med bollesal i båthamna var også vellukka.

Som i fjor vil Martabu formidla ymse produkt frå produsent til forbrukar. Idag har det til dømes også vore bollar frå Skorpo og spekemat frå Friheim.

I hyllene kan ein elles mellom anna finna mangfaldige strikka produkt og treartiklar og meir er venta før neste opningsdag som er laurdag frå 10 til 15.

Sundag er bua oppe frå 9 til 16..

Dei som gjerne vil by fram noko bør ta kontakt med Jane eller Morten som har telefonane 906 89840 og 450 02059

Martabu har vorte rommelegare enn i fjor og opptek no heile kjellaren i den tradisjonsrike bygningen der handelen starta.

Dermed kan den også fungera betre som kafe og møteplass.

Ein kakkellovn som har vore i huset er eit nytt miljøskapande element og museumspreget er forsterka.

Ymse produkt som gjev sterk næring til nostalgien er å finna i hyllene. Kven hugsar til dømes ikkje ATA skurepulver og Primula ost?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Takk for handelen seier Morten Nilsen (bak bordet) til Jorunn og Duvald Stange frå Tysvær og Marit Aarhus Brandal frå Avaldsnes.